

”En hovedstad væ Mjøsa for Flatbygdin og Døl, ja visst du tviler bør du reise dit sjøl”. Dèttè sång Vazelina i si tid. Sjøl om Gjøvik ha mista hovudstadstatusen i Oppland og au sjøsjagt statusen som høgborga åt Oppland Sau og Geit, så merke oss enda susen tå Moen, tå Haavi og tå ’n Nora Etnestad.

Kjære sau- og geitvenne, utsendinge, gjeste og æresmedlemme!

Velkome åt årsmøtet i Oppland Sau og Geit for 2011. Spesielt velkomè åt æresmedlemmom som e her, andre gjeste og itte minst åt generalsekretæra i NSG, ’n Lars Erik Wallin, som i helgen e attende åt kjente trakte her på Gjøvik.

Dèttè årsmøte vil avslutte e vellykka helg her på Quality Hotel Strand på Gjøvik, è helg som i tillegg te årsmøtè våre i dag ha bydd på beiteseminar, skinnsomkurs, fjosture og årsmøtè i Ring 41. Årsmøtehelga e viktaug for organisasjona våre da oss fe sett ord på sakjè oss bræinn for, oss fe væld inn døm oss meine e di rette og itte minst fe oss treft yrkeskollege, som oss kainn lære å kjæinne og knyte gode band åt. Helga er au å regne som è generalprøve på kå som ska skjè her tè nèste år, da Oppland e vertskap for landsmøte i NSG. Dette va på høg tid, da det over 30 år sea førre gongen det va landsmøte è Oppland, nemlè på Ottun i 1981. Gjøvik og hotèlle oss e på nå, må oss vel i ljøs tå di oss ha sètt i helgen, seas å verra è godt valg.

Takk åt om Håkon Rogne for fin velkomst hit åt Gjøvik og takk åt ’n Anne Terningen for framføringa tå dikta tå om Even Engevold, en lokal poet frå Torpen. È benytte au andledninga nå tè å takke æille som på ein æill anna måtè ha bidri me någgå ti dèssè arrangemangè. En spesiell takk åt dæin tålmodige sekretæren vår, en Ken Lunn, som som vanlè ha haft hovudansvaret og my arbeid med å sy denne helga èhop for oss.

2011 vart enda en gong è utfordrandès år for sauehæildet, mens è har inntrykk tå at klåggåinga i geitehaldè e my minder.

Jordbruksforhandlingæin gjèkk på nytt sin skjeve gang, og enda itte der oss håpa. For rekrutteringa si skuld trøng oss è skikkelèg lyft for at neste generasjon finn det bryet vert å ta over høygaffeln vår. Da fe oss håpe at enkelte punkt i den nye landbruk- og matmeldinga gje håp om at det ska kammå nye og bere tidi for grasbaserte næringo i Norge. For storsamfunnet som mesta hæill tè i Oslo må læres oppatt: Oss må høglytt fortelja døm at det oss driv med er dein viktaugaste verdiskapninga i

samfunnè. Oss produsèrere det oss æille trøng mest tå alt: Mat. Oss låggå mat tå gras, og det er naturen sjøl som har produsèrt my tå grasè hært tå sè sjøl. Oss lèvere råstoff i form tå kjøtt, mjølk, ull og skinn, som bli foredla gjennom diverse industribèdriftè i Norge. Å så e oss è tillægg nykkjyln tè at folk kain bu i distriktom ved at oss er storkjøpere tå varo og tenesto i lokalsamfunnom.

Dæin største utfordringa i 2011 fekk oss lèkkevel frå kjent høill – freda rovvilt og forvaltere tå rovviltpolitikka. È typisk eksempel på di e møtè m/Miljøvernministera , utpå Fåberg der è vart invitert og fekk sagt vè'n någgå. I etterkant bynte det att på nytt i Gausdal midt i mai med bjøinnedrèpè søye, og dæin 18. mai senda è mail åt'om Erik Solheim med frustrasjonstanke. Rett nok fekk oss skadefellingstilatels dæin 20/5, men fyst dæin 17/11 fekk è svar på maila at døm vè rovviltforliket ha gjort dèttè my bere. Da è fekk att svare på maila mine kom è itte èhaug at è ha sendt mail åt 'om en gong!

2011 kjem oss lèkkevel te å kåmmå ehaug på grunn tå re nye rovviltforlike' på Stortinget den 17/6. My e sagt og meint om det, men fakta e vel på det gamle for oss. Gaupe og jerv som før og mære bjøinn hæill før. Rett nok kain de virke tè at det ska bli lèttar å få lov tè å ta ut bjøinn, men da må nån gjera det og gjera det nokså ofte. I dènnè saka står det att å bèstemme detaljert kå di 13 bjønnynglingain ska vera hæst. È tælægg sèr è me bekymring på det økte fokuset på prioriterte beiteområder og rovviltområder è forholdt tè de nye forlike'.

I Oppland er den nye forvaltningsplanen sendt tåt DN. Kå DN og sænar Rovviltnemnda gjer med om væt oss itte enda. Foreløbig prognose går ut på større sono både for jerv og gaupe, der jervesona ha vorte mest diskutert. Eigentleg overraska da dènnè sona e minder hæill utbredelsen tå jerva oss har è dag. Det nye e sjølsagt at 'n my større andel tå Oppland bli prioritert rovviltområde for jerv.

Det è reagerte mest på i desse saken va innblandinga tå fagлага og NSG sentralt. På grunn tå press frå Sogn og Fjordane vart fagлага i Oppland og oss kæilla inn på møte i Oslo, der Ove Ommundsen i etterkant sa at oss var med å dro jerven åt Vestlandè og at hain tok parti for è anna fylkeslag hæill oss. Hain vilde at Oppland både sku ha jerveynglingain og det meste av buffersona åt dèssè. È e sterkt e'mot at vårt æge sentrale lag ska

favorisere/prioritere i slekke sakje, og har stor respekt for NBS som trekkte seg ut. Oppland har da hæillan itte kritisert andre naboregione nøin gong for lignandes ting.

Det viktaugaste i rovviltarbeidet framover vil bli at SNO og forvaltninga finn aille familiegruppø tå gaupe og ynglinge tå jerv. Og itte minst at dèssè tala bli så nærè sannhæten som råd e. Da e det på bakgrunn tå siste året molè at metoden/forskrifta for å bèstemme/dokumentere ynglinge au må forandres. For det som e sikkert e at oss enda naugre år må livvi med såmmå bestandsmåle tå dèssè artom. Demme behøv oss itte å frykte at overskytandès dyr au vil bli ti ut i rovviltprioriterte område i Oppland. For soneringa ha ingenting å sea for forholdet millom bestandsmål og bestand. Bestanden ska èttè forlikje haildest så nèrè bestandsmålet som råd e. E beiteprioriterte område må oss kjøre løpe med varsling og uttak tå rovvilt som itte ska verra der, og påsjå at Hedmark-modellen med skadefellingsløyve èttè fyste dokumenterte tefelle au vil bli brukt è Oppland.

På seminarè i helgen ha det vorte prata my om radiobjøllo . Prosjektet vårt går nå inn i siste åre' og oss har en framdriftsplan oss ska diskutere i dag. Visst dènne går i gjennom bli de' spæinnases å sjå kå rovviltnemnda gjer med oss è utdelingen tå FKT-midler neste år. Radiobjøllo ha virka som è positivt pust både for brukere og for mè è organisasjonsarbeide. Riktignok ha è hørd frå styremedlemme i NSG at dèttè itte hørde hèmè i det è fylkesstyre sku drive med, men slèk både Oppland, Akershus og itte minst Møre og Romsdal ha løst det vil è hevde det motsatte – radiobjøllo ha virka posistivt for medlemskapet åt Sau og Geit i dèssè fylkom. È ha sjøl opplivvi fleire innmeldingo tå medlemme på grunn tå kravet om medlemskap.

Beitebruksprosjektet går è uviss framtid i møte. Framtida va uviss i 2012 au, men è lykkeleg og glad melding kom åt oss nå en dag. 900.000 kr med friske midle va løvd og ny prosjektsleder va på plass. Døkk treffte ho Marie Skavenes i helgen og skjønne sikkert at oss i prosjektsgruppun e glade. Dèttè vil au medføre at døkk som brukere bli glade og FM si landbruksavdeling vil få è hjelp og oppmuntring ved at è "ny Marthe" e på plass. È tru i vertfall at ho Sidsel Røhnebæk hælise denna nyheita velkommè. Det e au klart at gruppa arbeide for at prosjektet på ein hæill anna måtè ska bestå framover. Dette e è viktaugt fora for å summe og diskutere kreative og nødvendauge beitebrukssakje ti.

Lèkkeens håpe è at det 3. prosjektet oss e me ti: "Effektiv skadefelling" au ska få è ny rennesanse. Her ha ho Anette Jørstad ti på sè' ansvaret, så da væt è at ho kjem tè å stime og hæille di andre i ørom, slèk at oss forhåpentleg vis au på dèttè område kain få framgang. Det viktaugaste her bli å få tè tilgjengelege ekvipasjo, som oftar lykkest i bjønnjakt, i tèllægg tè å få på plass skolerte kommunale jaktlag med medlemme som au kain virke regionalt. I dènnè sammenhengen vil e au nemne SMS varslinga som e på plass, men som kain utvikles mær hæill minder enda i flære regione.

Så vil è nemne kommunikasjonen vår i dagens dataæilder. Oss e stadig i utvikling og prøve å følgje samfunnsutviklingen her. Hèmsida bli utvikla og brukt meire, over 15000 treff siste året vise dèttè. Lokallag og beitelag kjem på banen. Eigne e-postadresso for både fylkes- og lokallag ha komme og vil kåmmå. I nemne at informasjonsflyten i styret, til lokallag og for eksempel deltakere i radiobjølleprosjektet nå går nèsten berre på mail. Dèttè e viktaugt, da det e effektivt og billigt. Men da e da viktaugt at aille tillitsverde og dèltagere faktisk offne è-posten sin hæilst en gong om dagen. Nèr oss e inn på tillitsfolk så e de viktaugt å ta vare på og finne nye slike som vil ta è ansvar. È vil i denne sammenhængen ønskje aille nye lokallagslèdere tè lykke med valgje og lykke tè i vervè'.

È vil tè slutt takke støttespèllere i form både tå ænkeltperone, lag og organisassjone og døkk aille her for samarbeide i året som ha godt. È repetere orda frå lèdera mine i årsmeldingen våre at è e tè for aille, og det viktaugaste for mè e godt samhæild og at oss med di ska ta vare på di an. Og tè slutt vil e ønskje oss aille samman hell og lykke i året som oss alt ha bynt på. Godt årsmøtè!!

P.S.

På sidene under har eg limt inn leiar frå årsmeldinga for å komplettera.

Kjære sau- og geithaldarar i Oppland

Vi driv i same sporet. Det kan vera både positivt og negativt. Å driva i same sporet er ikkje vanleg i ei verd som er oppteke av ein ting: ”vekst” i økonomien. Men å driva i same sporet kan òg tyda: Vi trur at det vi driv med er rett og ikkje minst samfunnsteneleg. Å vera bonde



eller gardbrukar har i fleire tiår vore eit yrke som færre og færre utøvar. Det har òg sneke seg inn diverse negative ytringar mot oss, da dette såkalla rike samfunnet vi lever i meiner dei kan kjøpa alt for pengar. Folk mistar grasrotkontakta, snur ryggen til oss og ser på oss som snyltarar. Dei har tydeleg ikkje fått med seg kva som eigentleg er verdiskaping. Den vestlege verda har snart berre kunstige midlar i

verdipapir på børsen, der meglarar skummar fløyten av alt som kunne bli bra ved spekulative kjøp og sal av aksjar. Er dette verdiskaping? Nei, ver stolte småfebønder! Det vi driv med er verkeleg verdiskaping. Vi produserar det vi alle treng mest av alt: Mat. Vi lagar mat av gras, og det er naturen sjølv som har produsert mykje av graset. Vi leverar råstoff i form av kjøtt, mjølk, ull og skinn, som vert vidareforedla gjennom diverse industribedrifter. I tillegg er vi nøkkelen til at folk kan bu att i distrikta ved at vi er storkjøparar av varer og tenester lokalt.

Jordbruksoppgjeret vart nok eit i rekkja av mange der trenden og resultatet vart det same: Færre bønder grunna låg inntekt i forhold til lønnsnivået elles i landet. Nokre av oss lever ved å auka produksjonen, medan dei fleste av oss lever av arbeid ved sida av. I følge tal frå organisert beitebruk i Oppland har vi mista 36 yrkesbrør i fylket siste året, og mista til saman 461 yrkesbrør dei siste 10 åra. Vi har likevel auka tal søyer og lam siste året med 6000, medan vi har minka talet med til saman 5000 dei siste 10 åra. Vel og merka har vi auka tal søyer og lam med 14.000 dei siste 4 åra, noko som lovar godt. Vi må òg vera glade for at medlemstalet i organisasjonen vår i Oppland har halde seg såpass godt oppe. I tillegg har nok fleire av lokallaga eit betringspotensiale ved å verva nye hovudmedlemmar/hustandsmedlemmar.



Eg har til tider vore kritisert for å bruka for mykje tid på freda rovvilt, men diverre meiner eg at dette er den største trusselen mot produksjonen vår. Vi kan driva med så mykje avl vi vil, vi kan vera så flinke vi kan og vi kan leggja all vår tid og kjærleik i yrket vårt, men det hjelper ingenting når det store rovviltangrepet kjem. Heime opplevde vi sjølve noko slik i sommar, og eg må vedgå at tida stod roleg da eg saman med SNO-kontakta gjekk frå kadaver til kadaver. Eg tenkte på at ein bjørn hadde gått igjennom

heile flokken og vilkårleg plukka ut dyr utan at eg var der og passa på dei. Eg tenkte på at

somme leiarsoyer hadde stilt opp for flokken og ofra seg, og eg tenkte på koppsøya 3021, som aldri hadde tenkt at nokon kunne gjera ho noko vondt. Eg tenkte på alle morlause lamma, som var i ei for dei ukjent verd. Beitelaget vårt, som eg sjølv har brukt som eit eksempel på lag utan rovvilt, endra seg over natta. 5 av 11 medlemmar mista 28 søyer og 142 lam, medan dei andre 6 medlemmar tapte til saman 3 søyer og 8 lam, 3 av dei mista ingen dyr. Da er det lett å bevisa kven som hadde skulda skulle ein tru, men FM trekte likevel i erstatningsoppgjeret grunna manglande dokumentasjon. Kanskje skal vi snu på flisa og få FM til å bevisa om dyra døde av sjukdom ved neste korsveg. Det er alt stået rundt som tærer på ein. Ein har gjort alt etter beste evne, ein har vore oppe natt og dag i lamminga og så kjem smellen like etter utmarksbeiteslepp. Ein får oppleva ein heil sommar med dårleg samvit, ein får ein ny smell i sankinga og er med andre ord avhengig av å vera sterk psykisk for å koma gjennom dette. Her er det viktig at vi står saman og tek vare på kvarandre.

Eg prøver å driva eit aktivt fylkeslag. Dette krev òg at alle spelar på lag. Småfehaldet er som før sagt lite og sårbart. Alt medan eg er leiar i OSG skal dykk vita at alle uansett raseval i produksjonen, produksjon og kundetilhald er like mykje verd. Dersom du/dykk meiner noko anna må årsmøte gjera eit anna val. Tillitsvalde står ikkje i kø for å driva organisasjonen vår, og det er ikkje berre i Oppland det er slik. For å finna fleire kandidatar og tenna fleire vil styret på årsmøte fremja sak om utviding av representasjonen på årsmøtet for lokallaga. På same møtet vil styret førebu avsluttinga av ”Radiobjølleprosjektet i Oppland” ved å vidareføra dette og stifta ei ny avdeling under fylkeslaget: Oppland Radiobjøllelag. Eg meiner at OSG og ikkje minst medlemmene våre kjem styrka ut med dette i framtida.

Eg vil takka organisasjonar og personar som i året har gjeve meg styrke til å halda på. Eg vil takka enkeltmedlemmar som ringer meg, eg vil takka gjetarhundmiljøet i Oppland og



kadaverhundekvipasjane våre som er i fin utvikling, eg vil takka rovviltkontaktane som møter oss i vanskelege stunder, eg vil takka styret og sekretær for at eg har klart meg gjennom året, eg vil takka Rovviltnemnda i Oppland for tilliten dei syner oss, eg vil takka FM si landbruksavdeling og miljøvernnavdeling for godt samarbeidet, eg vil takka fylkeslaga av OB og OBS for at vi står godt saman, eg vil takka for samarbeid og venskap til tillitsvalde over fylkesgrensene. Eg vil takka Marthe Lang-Ree for det ho har gjort for småfehaldet i Oppland gjennom arbeidet sitt hos FM og ønskja ho lykke til i ny jobb. Eg trur ingen føler seg forbigått da eg takkar Sidsel Røhnebæk spesielt for arbeidet ho gjer for oss. Avslutningsvis vil eg takka alle jegerar i fylket, som har brukt både fritid og arbeidstid for å prøve og gjera kvardagen vår som beitebrukarar betre. Dykk skal vita at vi set pris på dykk, og at dykk gjer ein stor innsats for samfunnet.

Godt nyttår til dykk alle! Sør-Fron 1. januar 2012 , Pål Kjørstad, leiar